

Fylkesmennene og kommunene

Kontaktperson: For kommunen: Fylkesmannen
For fylkesmannen: Landbruksdirektoratet v/seksjon direktetilskudd

Vår dato: 27.01.2016
Vår referanse: 16/1-6
Rundskriv 2016-06

Utbetaling av produksjonstilskot etter søknad med frist 20. august 2015

Hovudutbetalinga av produksjonstilskot etter søknad med frist 20. august 2015, skjer onsdag 3. februar. Søkjarane vil normalt ha pengane på konto innan fredag 5. februar. Landbruksdirektoratet vil informere om utbetalinga på www.landbruksdirektoratet.no.

Vær merksam på at innan tilskotsordningane driftstilskot, husdyrtilskot, beitetilskot og kulturlandskapstilskot er endeleg sats redusert samanlikna med førebels sats.

Dette rundskrivet handlar om både hovudutbetalinga og korleis handsame manuelle utbetalingar.

Utbetalinga med søknadsfrist 20. august gjeld desse tilskota:

- arealtilskot
- kulturlandskapstilskot
- omleggingstilskot til økologisk landbruk
- arealtilskot til økologisk landbruk
- tilskot til dyr på utmarksbeite
- tilskot til dyr på beite
- tilskot til husdyr
- tilskot til økologisk husdyrproduksjon
- driftstilskot til mjølkeproduksjon
- driftstilskot til spesialisert kjøttfeproduksjon

Kompensasjon for bortfall av produksjonstilskot til føretak som deltek i tiltaket «Friskare geiter»

blir utbetalt til om lag same tid.

1	TILSKOTSBREV OG UTBETALING VED DEN SENTRALE UTBETALINGA	4
2	SØKNADER SOM ER AVSLÅTT, AVVIST ELLER STOPPA	4
2.1	SØKNADER MED FEILMELDING 635 OG 636	4
2.2	SØKNADER MED FEILMELDING 650	4
2.3	SØKNADER MED FEILMELDING 637 OG 639.....	5
2.4	SØKNADER SOM ER STOPPA SENTRALT ELLER AV FYLKESMANNEN	5
3	VEDTAK OG UTBETALING ETTER SENTRAL UTBETALING	5
3.1	FRISTAR FOR Å FÅ HJELPEUTREKNING	6
3.2	MANUELL UTBETALING AV SØKNADER	6
3.3	KONTROLL AV MANUELLE UTBETALINGAR	6
4	ENDELEGE SATSAR OG REGLAR FOR UTREKNING	7
4.1	TILSKOT TIL HUSDYR	7
4.2	TILSKOT TIL DYR PÅ BEITE	8
4.3	DRIFTSTILSKOT TIL MJØLKEPRODUKSJON	8
4.4	EKSEMPEL PÅ UTREKNING AV KOMBINERT DRIFTSTILSKOT FOR MJØLK	9
4.5	DRIFTSTILSKOT TIL SPESIALISERT KJØTTFEPRODUKSJON	9
4.6	AREAL- OG KULTURLANDSKAPSTILSKOT	10
4.7	TILSKOT TIL ØKOLOGISK LANDBRUK	10
4.8	KOMPENSASJON FOR BORTFALL AV TILSKOT FOR SØKJARAR SOM DELTEK I «FRISKARE GEITER» ..	11
4.9	RAPPORTAR I SAMBAND MED UTBETALINGA	11
5	BOTNFRÅDRAG, AVKORTING OG TREKK I TILSKOTET.....	11
5.1	BOTNFRÅDRAG	11
5.2	FOR SEINT LEVERT SØKNAD	11
5.3	AVKORTING VED REGELVERKSBRØT	12
5.4	TREKK I UTBETALINGAR	12
6	HANDSAMING AV TREKK FOR FØRETAK SOM HAR SØKT OM TILSKOT TIL REGIONALT MILJØPROGRAM.....	12
7	UTMÅLING TIL FØRETAK I DRIFTSFELLELESSKAP	13
7.1	VEDTAK TIL SØKJARAR I DRIFTSFELLELESSKAP	13
7.2	DØME PÅ VEDTAK VED DRIFTSFELLELESSKAP (AUGUSTOMGANGEN 2015).....	14
7.3	VEDLEGG TIL TILSKOTSBREV	15
7.4	REGISTRERING I RuLUT	16

1 Tilskotsbrev og utbetaling ved den sentrale utbetalinga

Føretak som har ein ferdig behandla og godkjent søknad, får den 3. februar eit sentralt produsert brev i Altinn som viser kommunen sitt vedtak, grunnlaget for utrekning av tilskotet, satsar og utbetalt beløp (tilskotsbrev). Søkjaren vil normalt ha pengane på konto innan fredag 5. februar.

Samtidig som tilskotsbrevet blir tilgjengeleg i Altinn, får søkjaren varsel mobil og/eller e-post. Føretak som korkje har oppgjeve mobilnummer eller e-postadresse, får i tillegg tilsendt tilskotsbrevet på papir.

Kopi av alle tilskotsbrev ligg i ROB. Lista PT-5040 viser utbetalt beløp per føretak.

Pengane blir overført til den kontoen som er registrert for landbruksføretaket.

Føretaka registrerer eller endrar kontonummeret i eit eige skjema i Altinn ([Endring av bankkontonummer for landbruksforetak](#)), eller dei kan registrere/endre kontonummer på skjema SLF-056 og sende det til kommunen.

Søkjar som har registrert eit kontonummer som ikkje lengre er i bruk, får utbetalt tilskotet til den kontoen som var registrert for føretaket. Bankane behandlar dette enten ved å

- overføre beløpet til kunden sitt nye kontonummer, eller
- returnere beløpet til Landbruksdirektoratet

Landbruksdirektoratet betalar ikkje ut tilskotet på nytt før beløpet er returnert til direktoratet og søkjar har registrert nytt kontonummer.

2 Søknader som er avslått, avvist eller stoppa

Kommunene må sjølve skrive og sende ut vedtak for søknader som er avslått eller avvist av kommunen, samt søknader som er stoppa. Søknader med feilmelding 635, 636 og 650 får eit sentralt produsert brev som viser vedtak i saka. Feilmeldingane som er omtalt i dette kapitlet tilsvarar feilmeldingane frå lista PT-1003.

2.1 Søknader med feilmelding 635 og 636

635 Søknaden er avslått, foretaket ikke opprettet innen søknadsfristen

Søknader med kode 635 blir avslått direkte. Føretaket fyller ikkje grunnvilkåret i § 2 i forskrifta om å vere eit føretak innan søknadsfristen. Søkjarane får, samstundes med hovudutbetalinga, eit sentralt produsert brev med følgjande vedtak om avslag:

Søknaden er avslått fordi føretaket ikkje var registrert i Einingregisteret innan søknadsfristen 20. august 2015 jf. forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket § 2.
--

2.2 Søknader med feilmelding 650

650 Mottatt dato er etter 20.09.

Søknader med kode 650 blir avvist direkte, og søkjarane får følgjande vedtak i tilskotsbrevet:

Søknaden er avvist fordi søknaden vart levert 21. september eller seinare. Det er ikkje innvilga dispensasjon frå søknadsfristen, jf. forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket §§ 8 og 9.

2.3 Søknader med feilmelding 637 og 639

637 Søknaden avslått av kommunen

639 Søknaden avvist av kommunen

Søknader med kode 637 og 639 får ikkje tilskotsbrev ved hovudbetalinga. Kommunen må sjølv skrive vedtak om avslag.

2.4 Søknader som er stoppa sentralt eller av Fylkesmannen

Søknader som er stoppa frå den sentrale utbetalinga, må kommunen vurdere nærare. Kommunen kan så fatte vedtak, og be fylkesmannen utbetale tiskotet. Lista PT-1003 viser dei søkjarane dette gjeld og kva som er årsaka til at dei er stoppa. Dette gjeld søknader med meldingane:

607 Kontrollskjema reg. mangler ord. søknadsskjema

608 Kontrollskjema er ikke registrert

609 Søknadsskjema feilmeldt, men ikke rettet

610 Kontrollskjema feilmeldt, men ikke rettet

621 Utbetaling stoppet pga ugyldig postnr/adresse

642 Søknaden stoppet pga driftsfellesskap

645 Søknaden stoppet av fylkesmannen

646 Pålagt kontroll er ikke utført

Desse søkjarane får tilsendt eit brev samtidig med at hovudbetalinga går. Brevet varslar om at det er høve ved søknaden som må undersøkjast nærare:

Søknaden om produksjonstilskot pr. 31.07.15 er motteken av kommunen, men sakshandsaminga er ikkje avslutta grunna omstende som må undersøkjast nærare. Vedtak i saka vil bli sendt så snart søknaden er ferdig handsama.

Kommunen må vurdere slike søknader med grunnlag i forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket, og situasjonen på registreringsdatoen 31. juli 2015.

3 Vedtak og utbetaling etter sentral utbetaling

Søknader, klage på vedtak og manuelle utbetalingar skal behandlast etter forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket. Rettleiing finn du i rundskriva som gjalt den aktuelle søknadsomgangen: <https://www.slf.dep.no/no/produksjon-og-marked/produksjonstilskudd/dokumentarkiv>.

Du finn endelege satsar i kapittel 5 i dette rundskrivet, mens rutinane for manuell behandling av saker er omtalt i [rundskriv 2015-27](#).

3.1 Fristar for å få hjelpeutrekning

Kommunen kan i forkant av vedtaket kontakte fylkesmannen for å få hjelpeutrekning. Fylkesmannen registrerer søknaden i fagsystemet RuLUt. På grunnlag av dei registrerte opplysningane blir det rekna ut brutto tilskot, oppdelt på aktuelle heimlar. Resultatet av utrekninga blir presentert i rapport PT-2210 og rapportane PT-890 og PT-891, som ligg i ROB. Kommunen kan nytte desse til å fatte vedtak om utbetaling.

For at søknaden skal kome med i hjelpeutrekningane, må den vere registrert innan dei fristane som er vist i tabell 1. Hjelpeutrekningane blir køyrd om ettermiddagen, og resultatane er normalt klare dagen etter.

Tabell 1. Tidsplan hjelpeutrekning

Frist for registrering	Resultat klart
Tysdag 09.02. kl 16.00	Torsdag 11.02.
Måndag 15.02. kl 12.00	Tysdag 16.02.
Måndag 22.02. kl 12.00	Tysdag 23.02.
Måndag 29.02. kl 12.00	Tysdag 01.03.
Måndag 7.03. kl 12.00	Tysdag 08.03.
Måndag 14.03. kl 12.00	Tysdag 15.03.
Tysdag 29.03. kl 12.00	Onsdag 30.03.

3.2 Manuell utbetaling av søknader

Fagsystemet RuLUt, som behandlar manuelle utbetalingar, blir etter planen tilgjengeleg for fylkesmennene i veke 6. Landbruksdirektoratet sender meir informasjon om dette i e-post til fylkesmennene. Utbetalingane blir gjennomført med grunnlag i registreringane fylkesmannen har gjort i RuLUt.

Frist for dei manuelle utbetalingane er **tysdag 5. april**. Da hentar Landbruksdirektoratet ajourhaldsdata og alle manuelle utbetalingar bør vere gjennomført. Data frå søknader som ikkje er ferdig handsama i RuLUt før 5. april, blir ikkje overført til Landbruksdirektoratet og blir ikkje tilgjengelege i LIB. Dersom det er avvik mellom maskinelt utrekna tilskot og manuelt utbetalt tilskot, ønsker Landbruksdirektoratet rapportering på dette, sjå frist i rundskriv 27/2015.

3.3 Kontroll av manuelle utbetalingar

I første halvdel av mai blir dei manuelle utbetalingane kontrollert maskinelt. Resultatet av kontrollen får kommunen i listene PT-1201 og PT-895D. Kommunen skal gå gjennom listene og fatte vedtak om tilbakebetaling om det er utbetalt for mykje tilskot.

4 Endelege satsar og reglar for utrekning

I hovudutbetalinga er dei endelege satsane og utrekningssreglane nytta i maskinell utrekning for den enkelte søknad. I dei manuelle utbetalingane skal dei same satsane og utrekningssreglane leggjast til grunn. Landbruks- og matdepartementet (LMD) har fastsett dei endelege satsane som gjeld for utbetaling av tilskot for søknadsomgangen 20. august 2015.

Satsane for fleire av ordningane er **reduisert** samanlikna med dei førebelse satsane i jordbruksavtalen. Merk at alle satsar er fastsett i heile kroner. De må bruke dei endelege satsane i dei manuelle sakane.

4.1 Tilskot til husdyr

I gjeldande jordbruksavtale er maksimalt årleg tilskot til husdyr for kvart føretak **560 000 kroner**. Dette gjeld alle føretak, **også føretak i driftsfellesskap**. Tilskotet skal bli avgrensa, slik at samla tilskot for augustomgangen 2015 og januaromgangen 2016 ikkje blir meir enn maksimalbeløpet.

Merk at tilskot for lammeslakt, tilskot for bevaringsverdige storferasar og tilskot for økologisk husdyrproduksjon ikkje inngår i maksimalt årleg tilskot til husdyr.

Tabell 2. Tilskot til husdyr

Dyreslag	Intervall	Sats i
<i>Mjølkeku</i>	1-16	1 974
	17-25	1 016
	26-50	490
	51+	392
<i>Ammeku</i>	1-50	1 950
	51+	392
<i>Storfe</i>	Alle dyr	392
<i>Mjølkegeit og mjølkesau</i> ²⁾	1-125	735
	126+	270
<i>Avlsgris</i>		
- <i>Sør-Noreg</i> ³⁾	1-35	341
- <i>Jæren</i> ⁴⁾	1-35	267
- <i>Nord-Noreg</i>	1-35	481
<i>Verpehøner og avlsdyr av ender, kalkunar og</i>		
- <i>Sør-Noreg</i>	1-1 000	5
- <i>Nord-Noreg</i>	1-1 000	12
- <i>landet</i>	1 001-5 000	5
<i>Bikuber</i> ⁵⁾	Alle kuber	392
<i>Hjort over 1 år</i>	Alle dyr	206

1) Satsen er 0 kr/dyr utanfor dei intervalla som er med i tabellen

2) Det må dokumenterast at mjølka blir nytta som råstoff ved lokal foredling

3) Untatt Jæren, sjå fotnote 4.

4) Kommunene Sandnes, Stavanger, Hå, Klepp, Time, Sola og Randaberg.

5) For å ha rett på tilskot må føretaket ha eit driftsomgang på minst 25 kuber. Kravet gjeld ikkje jordbruksføretak som mottek produksjonstilskot på anna grunnlag.

Føretak som driv både kumjølkeproduksjon og spesialisert storfekjøttproduksjon må ha ammekyr av minst 50% kjøttferase for at det skal bli gjeve tilskot for ammeku. Dette gjeld og føretak som er i driftsfellesskap. Kjøttferase er i følge jordbruksavtalen Hereford, Charolais, Aberdeen Angus, Limousin, Blonde d'Aquitaine, Highland Cattle, Dexter, Piemontese, Galloway eller Salers. Det samme gjelder Kjøtt-Simmental, såfremt far til kua er renrasert Kjøtt-Simmental

4.2 Tilskot til dyr på beite

Tabell 3. Beitetilskot

Dyreslag	Intervall	Sone	Min. tal veker på beite	Sats per dyr
Kyr, storfe, hjort, hest og lama	Alle dyr	1-4	16	434
Kyr, storfe, hjort, hest og lama	Alle dyr	5-7	12	434
Sau, lam, geit, kje og alpakka	Alle dyr	1-4	16	58
Sau, lam, geit, kje og alpakka	Alle dyr	5-7	12	58

Tabell 4. Utmarksbeitetilskot

Dyreslag	Intervall	Sone	Min. tal veker på beite	Sats per dyr
Kyr, storfe, hestar	Alle dyr	Alle	5	392
Sauer, lam, geiter og kje	Alle dyr	Alle	5	140

4.3 Driftstilskot til mjølkeproduksjon

Tabell 5. Driftstilskot til kumjølkeproduksjon

	> 5 kyr	4 kyr	3 kyr	2 kyr	1 ku
Kumjølke, Jæren ⁶⁾	58 885	47 108	35 331	23 554	11 777
Kumjølke, rest Sør-Noreg	62 385	49 908	37 431	24 954	12 477
Kumjølke, Nord-Noreg	66 385	53 108	39 831	26 554	13 277

6) Gjeld kommunane Sandes, Stavanger, Hå, Klepp, Time, Sola og Randaberg.

Tabell 6. Driftstilskot til geitmjølkeproduksjon

	Ved 27 geiter eller fleire pr. føretak, kr/føretak	Redusert utbetaling pr. geit når det er færre enn 27 geiter pr. føretak, kr/geit
Geitmjølke	66 385	2 459

Føretak med både geit- og kumjølkeproduksjon får utmålt driftstilskot med utgangspunkt i talet på mjølkegeiter der talet på mjølkegeiter er 27 eller høgare. Der talet på mjølkegeiter er mindre enn 27, blir driftstilskotet rekna ut frå talet på mjølkegeiter og deretter talet på mjølkekyr. Tillegget basert på mjølkekyr blir avgrensa på same måte $(27-x)/27$ av maksimalt driftstilskott for kumelk i den aktuelle regionen.

4.4 Eksempel på utrekning av kombinert driftstilskot for mjølk

Eit føretak som har 40 mjølkegeiter (meir enn 27) og 15 mjølkekyr får driftstilskot til mjølkeproduksjon etter satsen som gjeld for produksjon av geitemjølkk, jf tabell 6.

Eit føretak i Sør-Noreg som har 14 mjølkegeiter (færre enn 27) og 3 mjølkekyr vil få 64 456 kr i driftstilskot (DT) til mjølkeproduksjon:

$$DT = A + B$$

A. Tilskot mjølkegeit:

Differansen mellom 27 og antall disponerte geiter (27-14 geiter =13) multipliseres med reduksjonsatsen (2 459):

$$\text{Reduksjonsbeløp} = 13 * 2\,459 = 31\,967$$

Ta maksimalt driftstilskot for mjølkegeit (66 385) og trekk frå reduksjonsbeløpet (31 967):

$$\text{Driftstilskot geit: } A = 66\,385 - 31\,967 = 34\,418$$

B. Tilskot kumjølkk:

Tilskotet for kumjølkk er det lågaste av to utrekningar:

1. Basert på avgrensningsfaktor:

Avgrensningsfaktor kumjølkk: Differanse geiter(27-14)/27 = 0,4815

Maksimalt driftstilskot der føretaket er: Sør-Noreg (62 385) multiplisert med utrekna avgrensningsfaktor:

$$62\,385 * 0,4815 = 30\,038$$

2. Basert på talet mjølkekyr:

Driftstilskot for 3 kyr i Sør-Noreg: 37 431

$$\text{Driftstilskot ku: } B = \text{lågeste alternativ av 1 og 2} = 30\,038$$

Her gir 1 det lågaste tilskotet.

Totalt driftstilskot for kumjølkkproduksjon og geitemjølkkproduksjon i dette dømet blir som følgjer:

$$DT = 34\,418 + 30\,038 = 64\,456$$

4.5 Driftstilskot til spesialisert kjøttfeproduksjon

Satsane er **1 425 kroner** per ammeku for foretak med 6 til 39 ammekyr, rekna frå første ammeku, og **57 000 kroner** per foretak for foretak med 40 eller fleire ammekyr.

4.6 Areal- og kulturlandskapstilskot

Satsen for kulturlandskapstilskot er lik for alt areal uavhengig av sone. Satsen er **185 kroner** per dekar.

Tabell 7: Satsar arealtilskot

Vekstgruppe	Sone 1	Sone 2	Sone 3	Sone 4	Sone 5	Sone 6	Sone 7
Grovfôr	75	0	110	110	210	240	286
Korn	127	192	192	227	227	227	227
Potet	80	80	80	80	80	930	930
Grønnsaker	550	550	550	550	550	1 550	1 550
Frukt	700	700	700	700	1 450	1 450	1 450
Bær	1 000	1 000	1 000	1 000	1 450	1 450	1 450

Arealtilskotet blir rekna ut etter den sona arealet er i. Tilskot blir rekna ut etter kor stor del av arealet av aktuell vekst som er i kvar sone.

4.7 Tilskot til økologisk landbruk

Tabell 1: Tilskot til økologisk landbruk

Vekst/dyreslag	Omleggingstilskot	Arealtilskot	Husdyrtilskot ¹⁾
Frukt og bær	250 ²⁾	1 275	
Grønnsakar		1 275	
Poteter		500	
Korn til modning og krossing		300	
Grøngjødsling ³⁾		500	
Innmarksbeite ⁴⁾		25	
Grovfôr ⁵⁾		25	
Mjølkeku			1 400
Ammeku			1 000
Andre storfe			300
Mjølkegeit			100
Avlsgris			201

1) Tilskotet blir gjeve for dyr i karens (under omlegging) og økologiske dyr

2) Gjeld berre frukt- og bæareal i 3. karensår i 2014

3) Det er forskjell på behandling av grønngjødsling i karens og økologisk grønngjødsling: Opp til 1/3 av arealet kan være grønngjødsling i 2. års karens, forutsatt at 2/3 av arealet (også konvensjonelt), er korn, potet, grønnsaker, frukt eller bær i samme søknadsomgang. Opp til 1/3 av det økologiske arealet kan være grønngjødsling, forutsatt at 2/3 er økologisk korn, potet, grønnsaker, frukt eller bær i samme søknadsomgang. I tillegg blir det gjeve 185 kr/daa i kulturlandskapstilskot for økologiske grønngjødslingsareal, slik at samla tilskot til grønngjødslingsareal er 685 kr/daa.

4) Arealet skal normerast med faktor 0,6

5) Inkludert brakklagt areal

Merk at omleggingstilskotet blei avvikla for areal som starta omlegging frå og med vekstsesongen 2014. Denne endringa gjeld ikkje for areal som allereie var under omlegging i 2013. Det er difor eit krav om at areal det utbetalt omleggingstilskot for på grunnlag av søknadsomgangen i august 2013 og tidligare, må drivast økologisk i minst 3 år etter omlegging.

Du finn nærare omtale av dei økologiske produksjonstilskotsordningane i jordbruksavtala kapittel 7.9, og i saksbehandlings- og kommentarrundskriv for aktuell søknadsomgang.

4.8 Kompensasjon for bortfall av tilskot for søkjarar som deltek i «Friskare Geiter»

Deltakarar i prosjektet «Friskare geiter» får tilskot for dei dyra føretaket faktisk disponerer på teljedatoen. Føretaka kan få vederlag for tap av produksjonstilskot, og det er Fylkesmannen som fattar vedtak og betaler ut dette etter nærare reglar.

4.9 Rapportar i samband med utbetalinga

I rapporter og brev (ROB), finn du desse rapportane som er til hjelp ved utbetalinga:

PT-1001C	Feilliste tredje inputkontroll
PT-5040	Utbetalinger produksjonstilskudd
PT- 1040	Søkere med miljøplantrekk
PT-1003	Søknader som er stoppet
PT-2200	Tilskuddsbrev, stoppede søknader
PT-4100A	Grunnlag for avkorting
PT-4100B	Søkere med avkorting
PT-4100C	Søknads-, kommune- og kontrolldata fra Wespa

5 Botnfrådrag, avkorting og trekk i tilskotet

Kommunane og fylkesmennene må sjå til at tilskotet blir riktig redusert der det skjer utbetaling etter hovudutbetalinga (manuelle utbetalingar). Sjå også jordbruksavtala (2015-2016), kapittel 7 og rundskriv 2015-27.

Minste beløp som blir utbetalt er **300 kroner**.

5.1 Botnfrådrag

For alle søkjarar om produksjonstilskot er det eit botnfrådrag på **6 000 kroner** per avtaleår. For driftsfellesskap skal det trekkjast eit botnfrådrag per driftsfellesskap, uansett om dei har søkt separat gjennom kvar sin søknad eller samla på eit søknadsskjema.

Botnfrådraget blir så langt det er mogleg trekt i samband med søknadsomgangen 20. august. For søkjarar som ikkje dekjer botnfrådraget i august, blir resten trekt i samband med søknaden i januar 2016.

5.2 For seint levert søknad

Om søknaden blei levert etter fristen, blir tilskotet redusert med **1 000 kroner** per dag frå og med 21. august (jf. forskrifta § 8). Søknader som blei levert 21. september eller seinare skal avvisast, om ikkje føretaket har fått dispensasjon frå søknadsfristen.

5.3 Avkorting ved regelverksbrot

I [rundskriv 2015-26](#) er det omtalt korleis kommunen skal handtere brot på anna regelverk for jordbruksverksemd, samt brot på reglane om gjødslingsplan og journal over plantevernmidde. Føretaket skal ha gjødslingsplan og journal over plantevernmidde når det er påkrevd.

Dersom føretaket ikkje kan vise fram journal over plantevernmidde og/eller gjødslingsplan ved kontroll skal kommunen avkorte i tilskotet. Det same gjeld viss dokumentasjonen er mangelfull. Dette er en vidareføring av delar av tidlegare miljøplan trinn 1.

5.4 Trekk i utbetalingar

Føretak med trekk i utbetalinga på grunn av motrekning, utlegg, tidlegare for mykje utbetalt tilskot eller erstatning, får dette spesifisert i tilskotsbrevet. Fylkesmannen har tilgang til lister i ROB, som syner kven dette gjeld. Fylkesmannen må undersøkje desse listene ved manuell utbetaling av tilskot. Der eit føretak er hefta med til dømes motrekning og utlegg, må fylkesmannen leggje dette inn i fagsystemet RuLUt, jf. rettleiinga. Sjå listene PT880, PT883 og PT886:

PT880 Gjenstående trekk /skjema

Desse trekkka blir overførte automatisk til neste søknadsomgang.

PT883 Innmelde trekk

Lista viser søknader med trekk, som ikkje kjem til sentral utbetaling, og som er registrert med trekk.

PT886 Gjenstående trekk, motrekningar/skatt/mva/utlegg

Lista viser søknader som er utbetalt, og storleiken på attstående trekk av moms/skatt/utlegg. Lista viser også søknader med trekk som ikkje er ferdig handsama. Attstående trekk skal effektuerast i manuelle utbetalingar i inneverande periode, men blir ikkje overført til neste søknadsomgang. Det er fordi det ikkje er høve til å motrekne i framtidige tilskot. Kravet kan fyrst oppstå etter at ein søknad er levert til kommunen.

Fylkesmannen må sjølv slette eller redusere attstående eigne trekk (sjå listene PT-880 og PT-883) i trekkrutina Saturn. Dette for at attstående trekk skal vere oppdatert før neste utbetaling.

6 Handsaming av trekk for føretak som har søkt om tilskot til regionalt miljøprogram

Det blir gjennomført trekk i utbetalingar etter regionale miljøprogram. Føretak med trekk, som har søkt om både produksjonstilskot og regionalt miljøprogram, skal handsamast særskilt av både Landbruksdirektoratet og Fylkesmannen. Landbruksdirektoratet trekkjer automatisk i tilskotet til regionalt miljøprogram viss det er att trekk på føretaket etter at heile produksjonstilskotet er trekt.

Fylkesmannen må vente med utbetalingar i klagesaker og manuelle utbetalingar i produksjonstilskot der det står att trekk til etter at RMP-tilskotet er utbetalt. Elles vil søkjarane få dobbelt trekk. Føretaka som skal ha trekk i tilskotet etter regionale miljøprogram, blir lista ut på ei eiga oversikt; RMP- trekk. Sjå også [rundskriv 2015-12 Forvaltningsrutiner for regionale miljøtilskudd](#).

7 Utmåling til føretak i driftsfellesskap

Kommunene fekk i januar tilsendt ei liste over føretaka som hadde oppgjeve at dei var i driftsfellesskap. Kommunene skulle bruke listene til å melde frå til fylkesmannen og Landbruksdirektoratet om føretak utan skilnad i utbetalinga ved driftsfellesskap eller ikkje. Søknader der det vart meldt frå om at føretaket vil få lik utbetaling om dei søker samla eller kvar for seg, går til sentral utbetaling. Resten av føretaka som har gjeve opplysning om at dei er driftsfellesskap, må kommunen behandle manuelt. Føretaka dette gjeld kjem på lista over søknader som er stoppa med kode 642.

Føretak som inngår i driftsfellesskap kan få utbetalt tilskot tilsvarende det samla dyre- og arealtalet som blir disponert innanfor driftsfellesskapet. Dei kan søke samla på *eitt* av føretaka eller kvar for seg. Om det er eit sameige eller liknande, søker dei på *det* føretaket. Til saman skal det bli betalt ut like mykje tilskot i alle tilfella. Dette inneber blant anna at det kun skal trekkast tilsvarende eit botnfrådrag i desse tilfella, sjølv om føretaka i driftsfellesskapet har levert kvar sine søknader.

Brutto tilskot til alle føretak i driftsfellesskapet blir redusert med like stor prosentdel som det tilskotet til driftsfellesskapet utgjer av kor mykje tilskot alle føretaka samla ville fått ved separat drift og utmåling. Reduksjon i tilskot grunna driftsfellesskap skal bereknast på bakgrunn av brutto tilskot. Trekk som følgje av seint innsend søknad skal førast på gjeldande føretak.

$$\frac{\text{Samla brutto tilskot ved driftsfellesskap}}{\text{Summert brutto tilskot til alle føretaka separat}} = \text{Prosentdel av tilskot føretak har rett på}$$

7.1 Vedtak til søkjarar i driftsfellesskap

I tilskotsbrevet skal det vere ei eiga linje for netto utbetalt tilskot som viser kor mykje tilskotet blir redusert på grunn av driftsfellesskap.

Kommunene må også legge ved ei grundigare utrekning til tilskotsbrevet, der søkjar skal få følgjande informasjon om korleis reduksjonsbeløpet for driftsfellesskap er rekna ut:

- utrekna tilskot ved separat drift per føretak og samla dersom føretaka var åtskilt
- utrekna tilskot for driftsfellesskapet samla,
- prosentdelen driftsfellesskapstilskotet utgjer av samla tilskot ved separat drift,
- kor stor reduksjon i tilskotet dei får kvar som følgje av driftsfellesskapet.

Desse opplysningane kjem fram av oppsummeringa i reknearket og kan kopierast inn som vedlegg til vedtaket.

7.2 Døme på vedtak ved driftsfellesskap (augustomgangen 2015)

To føretak inngår i driftsfellesskapet; eit med ammekuproduksjon og eit med mjølkeku.

Føretak 1:

TILSKOT TIL HUSDYR:						
Dyre- gruppe	Kode	Dyreslag	Ant.dyr	Sats pr. dyr	Sats- intervall	Kroner
1-Mjølkeku	120	Mjølkekyr	10			
		Sum dyr i gruppen:	10	1974	1 - 16 dyr	19740
2-Storfe	119	Storfe	6			
		Sum dyr i gruppen:	6	392	1 > dyr	2352
		Sum tilskot til husdyr			kr	22092

DRIFTSTILSKOT TIL MJØLKEPRODUKSJON:						
Dyre- gruppe	Kode	Dyreslag	Ant.dyr			Kroner
1-Mjølkeku	120	Mjølkekyr	10			
		Sum dyr i gruppen:	10			
		Sum driftstilskot			kr	62385

		Brutto tilskot			kr	84477
		Reduksjon for driftsfellesskap, 38 %			kr -	31799
		Botnfrådrag, jf. jordbruksavtala			kr -	3000
		Netto tilskot			kr	49678

		Til utbetaling			kr	49678
=====						

Føretak 2

TILSKOT TIL HUSDYR:						
Dyre- gruppe	Kode	Dyreslag	Ant.dyr	Sats pr. dyr	Sats- intervall	Kroner
1-Mjølkeku	120	Mjølkekyr	18			
		Sum dyr i gruppen:	18	1974	1 - 16 dyr	
2-Storfe	119	Storfe	38			
		Sum dyr i gruppen:	38	1016	17 - 25 dyr	33616
		Sum tilskot til husdyr		392	1 > dyr	14896
		Sum tilskot til husdyr			kr	48512

DRIFTSTILSKOT TIL MELKEPRODUKSJON:						
Dyre- gruppe	Kode	Dyreslag	Ant.dyr			Kroner
1-Mjølkeku	120	Mjølkekyr	18			
		Sum dyr i gruppen:	18			
		Sum driftstilskot			kr	62385

		Brutto tilskot			kr	110897
		Reduksjon for driftsfellesskap, 38 %			kr -	41744
		Botnfrådrag, jf. jordbruksavtala			kr -	3000
		Netto tilskot			kr	66153

		Til utbetaling			kr	66153
=====						

7.3 Vedlegg til tilskotsbrev

Kommunen må sende reknearket som gjeld føretaka som vedlegg til fylkesmannen, når dei ber om hjelpeutrekning eller manuell utbetaling. I vedtaket til føretaket må kommunen legge ved ein kopi av tabellen frå arkfana oppsummering i reknearket.

Beløpskode	Føretak 1	Føretak 2	SUM Føretak	Felles søknad
1. Tilskot til husdyr	22 092	48 512	70 604	59 446
65. Driftstilskot i mjølkeproduksjonen	62 385	62 385	124 770	62 385
71. Driftstilskot til spesialisert storfekjøttproduksjon	0	0	0	0
74. Arealtilskot	0	0	0	0
73. Kulturlandskapstilskot	0	0	0	0
66. Tilskot til økologisk husdyrhald	0	0	0	0
60. Tilskot til omlegging av økologisk landbruk	0	0	0	0
72. Arealtilskot økologisk landbruk	0	0	0	0
22. Utmarksbeitetilskot	0	0	0	0
77. Beitetilskot	0	0	0	0
Brutto tilskot ved separat søknad	84 477	110 897	195 374	121 831
Prosentdel av tilskot føretak har rett på	62 %			
Reduksjon for driftsfellesskap, 38 %	31 799	41 744	73 543	
Brutto tilskot ved driftsfellesskap	52 678	69 153	121 831	
Bunnfradrag	3 000	3 000		

7.4 Registrering i RuLUt

Fylkesmannen registrer alle søknadsdataene i P118, slik at data for DK3 blir rette. Sjå "Veiledning for ajourholdsrutine for produksjonstilskudd" for meir utfyllande rettleiing.

Samdrift	Mottatt dato	Miljøplan	Krav omsetning	Ant. min samle info	Ant. min utfylling
<ingen verd	17.08.2015	<ingen verd	<ingen verd	15	15
Målform	Søkerens underskrift				
1 - Bokmål	1 - Ja				
<div style="display: flex; justify-content: space-between;"> Arealopplysninger Produksjoner Kontrollkilder Feilmeldinger Dispensasjoner </div>					
Kode	Beskrivelse	Sone	Antall		
120	MJØLKEKYR		10		
119	ØVRIGE STORFE		6		

Beløpskodene skal registrerast i P131. I RuLUt skal utbetalingane førast opp per beløpskode med netto tilskotsbeløp etter reduksjon for driftsfellesskap. Ved manuell utrekning må kvar sum per beløpskode justerast ned til den prosentandelen tilskot føretaket har rett på.

I reknearket for hjelpeberekningar som er sendt ut frå Landbruksdirektoratet, er netto utbetaling per beløpskode vist i ei eige arkfane: "RuLUt ved driftsfellesskap".

Døme (frå fana RuLUt ved driftsfellesskap):

Beløpskode	Foretak 1	Foretak 2
1. Tilskot til husdyr	13 776	30 251
65. Driftstilskot i mjølkeproduksjonen	38 902	38 902
71. Driftstilskot til spesialisert storfekjøttproduksjon	0	0
74. Arealtilskot	0	0
73. Kulturlandskapstilskot	0	0
66. Tilskot til økologisk husdyrhald	0	0
60. Tilskot til omlegging av økologisk landbruk	0	0
72. Arealtilskot økologisk landbruk	0	0
22. Utmarksbeitetilskot	0	0
77. Beitetilskot	0	0
Brutto tilskudd ved driftsfellesskap	52 678	69 153
746. Bunnfradrag	3 000	3 000

Saksbehandler

Saturn grunnlagsnr

Saturn vedtaksnr

Bkode	Tekst	Hjemmel	Transport	Beløp	KID
001	Beregnet prod.till. husdyr etter avgrensing	100	1	13776	
065	Driftstilskudd melkeproduksjon	100	65	38902	
746	Bunnfradrag	0	0	3000	
999	KONTROLLSUM (NETTO UTBETALT)	0	0	49678	

Sum netto utbetalt

Sum netto tilskudd

Sum trekk tilbakeført på ordningene

Utbetalingsbilag

Brevproduksjon Forrige utbetnr Neste utbetnr Nytt utbet.nr Overfør til SATURN

Med helsing
for Landbruksdirektoratet

Grete Hage Hansen
fungerande seksjonssjef

Sissel Karine Nyhus
rådgjevar